

Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep
0030 Oslo

FINANSDEPARTEMENTET	
20. DES. 2007	
Saksnr.	07/4072-25
Arkivnr.	

Deres ref:
07/4072 SØ ARO

Vår ref:
fb/Innsp-eiged-skatt

Arkiv:
52

Dato:
19.12.07

Utgreiing om betaling for bruk av areal i kystsona – innspel til interdepartemental arbeidsgruppe

Oljeindustriens Landsforening, OLF, viser til brev av 15.11.07 frå Finansdepartementet, der kommunar og organisasjonar vart invitert til å levera innspel til ei interdepartemental arbeidsgruppe som ser på betaling for bruk av areal i kystsona.


OLF initierte ei problemstilling om eigedomsskatt i dei kommunar som har offshore installasjonar innafor territorialgrensa som følgje av at denne vart utvida frå 4 til 12 nautiske mil. Dette medførte at enkelte av kommunane utvida skattegrunnlaget for eigedomsskatt tilsvarende den auka lengda på røyrleidningar som ligg innafor den nye territorialgrensa. Brev om dette vart sendt Finansdepartementet 22.06.04.

Då det ikkje låg føre tilbakemelding frå Finansdepartementet, utarbeidde OLF eit oppfølgingsbrev av 22.03.07 som etterlyste tilsvar på brevet av 22.06.04. Finansdepartementet responderte på OLF sitt oppfølgingsbrev med å be om konkretisering av korleis kommunane praktiserer skattlegginga overfor dei selskapa som har offshore installasjonar som utløyser eigedomsskatt. Slik konkretisering vart avsendt av OLF 04.05.07.

Det som er OLF sitt poeng når det gjeld ilegging av eigedomsskatt, er at denne skattlegginga har utilsikta konsekvensar fordi innretningar som ligg i sjøen og som ikkje er til hinder for annan bruk av areal i kystsona, forutsetningsvis bør ikkje underleggast eigedomsskatt. Dette er grunngjeve i OLF-brevet av 22.06.04.

OLF imøteser konklusjonane som blir trekt i det pågåande interdepartementale arbeidet og vil medverka i ein eventuell høyring som kan få konsekvensar for OLF sine medlemsbedrifter.

Med venleg helsing
OLF Oljeindustriens Landsforening



Frode Bøhm
Fagsjef fiskale rammevilkår